

## Saksutredning:

### FELLES REISELIVSSTRATEGI FOR VESTLANDET

---

#### Trykte vedlegg:

1. Reiselivsstrategi for vestlandet 2013-20

#### Utrykte vedlegg:

---

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Sammendrag

#### Bakgrunn og arbeidsmåte

Vestlandsrådet har vedtatt i møte 14. juni 2011 at det skal utviklast ein kortfatta, overordna og felles reiselivsstrategi for Vestlandet. Dei tilreisande til Vestlandet kjenner ingen fylkesgrenser når dei besøker regionen, og landsdelen har behov for eit felles perspektiv på korleis Fjord Noreg som reisemål skal ivareta, styrkast og utviklast dei kommande åra. AU i Vestlandsrådet er styringsgruppe for arbeidet. Det er vidare etablert ei arbeidsgruppe og ei prosessgruppe for utvikling av strategien.

Det har vore gjennomført fire møte i strategiarbeidet, to av desse med deltaking frå prosessgruppa. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå fylkesadministrasjonen og reiselivsnæringa fordelt på dei fire fjordfylka. Representantane frå næringa har vore frå dei største sektorane innan reiseliv. Børre Berglund Reiselivsrådgivning har vore engasjert i ein forenkla tilbodsprosess til å styre prosessen.

#### Avgrensing og definisjonar

Strategien omhandlar den heilheitlege reiselivsopplevinga, som ved sida av kjerneleveransane overnatting, servering, aktiviteter/opplevingar og transport, også omfattar tilgrensande næringar og sektorar, natur- og kulturlandskapet og fellesgoder. Strategien byggjer på dei ulike fylka sine eksisterande strategiar og planar for reiseliv, og den nasjonale reiselivsstrategien «Destinasjon Norge».

Proessen har fokusert på å identifisere dei utfordringane og problemstillingane som er mest kritiske for alle fire fjordfylka, og der det offentlege har tydeleg påvirkningskraft.

#### Reiseliv som satsingsområde

Reiselivsnæringa på Vestlandet har eit stort uforløyst potesiale i marknaden, særleg internasjonalt. Reiseliv er ei av verdas raskast veksande næringar, og den eineståande naturen og fjordane på Vestlandet gjev regionen naturgitte føresetnader for å lukkast. Reiselivet er ei stor næring og ein viktig bidragsytar til verdiskaping på Vestlandet. Næringa skapar ringverknader innafor mange ulike næringar, særleg i distrikta. Reiselivsnæringa er også arbeidsintensiv, og skapar eit stort antal arbeidsplassar.

Ei utfordring er at næringa er fragmentert, og treng ein offentlig innsats på fleire område for å løyse ut dette potensialet. Det offentlege er, som ansvarleg for ei rekkje infrastrukturtiltak, ein tilretteleggjande aktør. Samferdsle, vegstandard og godt tilrettelagte fellesgode og infrastruktur har stor betydning for bedriftene i reiselivsnæringa.

### Utfordringar

Delar av reiselivsnæringa på Vestlandet, særleg i distrikta, slit med lav lønsemd. Næringa framstår som lite attraktiv for arbeidstakarar med høg utdanning. Lav lønsemd hindrar reiselivsbedrifter i distriktet å få tilgang til kompetanse som kan sikre innovasjon og utvikling. Effekten er forsterka av at reiselivet i byane stadig veks, medan distrikta taper marknadsdelar.

Tilrettelegging og utvikling av eit marknadstilpassa tilbod for overnatting, ferdig pakka og bestillingsklare aktivitetar og opplevingar, og brukarvenleg og føreseieleg tilgjengelegheit er avgjerande for at næringa skal kunne utvikle seg på ein berekraftig måte. Dagens reisande søkjer i stadig større grad aktivitetar og opplevingar. Reiseruta deira inkluderer fleire reisemål, og dei er avhengige av gode transport- og logistikklysingar for å oppleve Fjord Noreg på ein god måte.

Strategien identifiserer hovedutfordringane for reiselivsnæringa på Vestlandet slik:

- Transport til og i landsdelen
- Fleire av reiselivsbedriftene i distriktet er ulønsame
- Regionen oppnår for få kommersielle resultat av internasjonal profilering
- Landsdelen manglar heilheitlege opplevingskonsept som er kommersielle og ferdig pakka

### Visjon og mål

Visjon for reiselivsnæringa på Vestlandet er:

«Europas mest berekraftige reisemål, basert på lønsame og tilgjengelege naturopplevingar».

Det er viktig å merke seg at reiselivstilbodet i Fjord Noreg regionen har sin styrke i posisjonen dette har i eit unikt fjordlandskap. Innhaldet i opplevingane – aktivitetar, overnatting, mat og kultur – må være på plass for at tilreisande skal få ei god oppleving, og for at salspotensialet i regionen blir utnytta maksimalt. Når visjonen spesielt nemner naturopplevingar er dette likevel nett fordi det er det norske fjordlandskapet som gjev regionen særlege føresetnader.

Reiselivsnæringa er ei kompleks og samansett næring, og det er fleire viktige problemstillingar som må løysast på ein tilfredsstillande måte om maksimalt potensiale skal kunne løysast ut. Strategien identifiserer derfor ein *hovudstrategi*, som er det grepet det offentlege kan ta som vil gi den beste effekten for vidare god utvikling.

Hovedmålet for strategien er **fokusert satsing på enklare kommunikasjon inn til landsdelen og ein saumlaus struktur for kommunikasjon i landsdelen.**

Strategien identifiserer også *fire delstrategiar* som er naudsynte for utviklinga av ei meir lønsam reiselivnæring. Desse er:

1. Prioritering av område/bedriftsklyngjer i distriktet
2. Forsterkna marknadsarbeid med fokus på konvertering til sal
3. Utvikling av kommersielle produktpakker og opplevingskonsept
4. Systematisert kunnskap som grunnlag for strategiske val

### **Innsatsområde**

I strategidokumentet er det sett fram forslag til seks prioriterte innsatsområde som omhandlar utfordringane reiselivsnæringa møter i arbeidet: Samferdsle, lønsemd, marknads-adgang, heilheitlege opplevingskonsept, opplevingskonsept og resultatmåling. Vidare er det definert ambisjonar for utviklinga av reiselivsnæringa på Vestlandet i perioden 2013-2020.

### **Vurdering**

Etter fylkesrådmannen si meining er framlagte utkast til felles reiselivsstrategi for Vestlandet eit godt grunnlag for ei felles satsing. Det er no i gang prosessar på eit nasjonalt nivå som skal styrkje reiselivsnæringa gjennom omorganisering av landsdels- og destinasjonsselskap. Sett i samanheng med dette arbeidet, er det viktig at Vestlandet også samlar seg om gode felles løysingar for å styrke regionen si reiselivsnæring både nasjonalt og internasjonalt. Samferdsle, lønsemd, profilering og utvikling av opplevingstilbod er identifisert som dei viktigaste utfordringane for næringa der det offentlege kan ha ei utløysande rolle.

Fylka i fjordregionen har i dag eksisterande strategiar, og ein felles strategi for Vestlandet skal ikkje være i konflikt med desse. Derimot kan ein felles Vestlandsstrategi for reiseliv være eit godt fundament for framtidig revurdering av lokale planar og strategiar.

Fylkesrådmannen viser til at prosessen med den felles strategien i stor grad har vore prega av breid semje om kva dei største utfordringane er for næringa, og korleis det offentlege kan påverke desse problemstillingane. Lokale omsyn er lagt til side medan ein har fokusert på overordna tiltak som kan komme næringa og fjordregionen som heilskap til gode.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)

### **Forslag til vedtak:**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

1. Vestlandsrådet sender utkast til felles reiselivsstrategi for Vestlandet til behandling i fylkeskommunene.
2. Vestlandsrådet tar sikte på å ta saken til ny behandling etter at de enkelte fylkeskommuner har gjort sine vedtak.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

Paul M. Nilsen

fylkesrådmann

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*